

Saksframlegg

Saksbehandlar: Kristin Arnestad, Jarlaug Lauritsen, Ingebjørg Erikstad, Nærings- og kulturavdelinga

Sak nr.: 18/2700-3

Budsjett 2019 / Økonomiplan 2020-2022 - næring og kultur

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutval for næring og kultur gjer slike førebelse prioriteringar:

Programområde 400 – Politisk styring					
Tenesteområde	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
4005 – Hovudutvalet for næring og kultur – til disposisjon	1,850	1,850	1,850	1,850	1,850
Sum	1,850	1,850	1,850	1,850	1,850

PROGRAMOMRÅDE 701 – TILRETTELEGGING OG STØTTEFUNKSJONAR FOR NÆRINGSLEVET					
Tenesteområde	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
7010 – Bedriftsretta satsingar	27,600	27,600	27,600	27,600	27,600
7011 – Kommunikasjonsteknologi	3,000	1,740	1,740	1,740	1,740
7012 – Bransjeretta satsingar	8,410	8,490	8,570	8,570	8,570
7015 – Nyskaping	24,009	20,522	20,442	20,442	20,442
7018 – Kunnskap	3,393	1,800	1,800	1,800	1,800
7019 – Andre næringsområde	2,659	2,659	2,659	2,659	2,659
7019 – Kontorbudsjett	10,622	10,366	10,366	10,366	10,366
Sum	79,693	73,177	73,177	73,177	73,177

PROGRAMOMRÅDE 716 – FRILUFTSLIV, VASSREGIONSTYRESMAK OG FORVALTNING AV VILT OG INNLANDSFISK					
Tenesteområde	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
7164 – Friluftsliv, natur og vassforvaltning	1,100	1,100	1,100	1,100	1,100
7169 – Kontorbudsjett	0,919	0,919	0,919	0,919	0,919
Sum	2,019	2,019	2,019	2,019	2,019

PROGRAMOMRÅDE 740 – 790 - Kultur

Tenesteområde	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
7400 – Bibliotek	5,766	5,766	5,766	5,766	5,766
7500 – Kulturminnevern	6,856	6,556	6,556	6,556	6,556
7600 – Museum	16,225	16,225	16,225	16,225	16,225
7710 – Kunstformidling	4,890	4,945	4,945	4,945	4,945
7720 – Kunstproduksjon	12,162	12,162	12,162	12,162	12,162
7750 – Fysisk aktivitet og idrett	17,565	1,565	1,565	1,565	1,565
7900 – Andre kulturaktivitetar	5,046	5,046	5,046	5,046	5,046
7500 – Kulturminnevern kontorbudsjett	6,114	6,114	6,114	6,114	6,114
7710 – Kunstformidling kontorbudsjett	5,620	5,565	5,565	5,565	5,565
7750 – Fysisk aktivitet og idrett kontorbudsjett	1,249	1,249	1,249	1,249	1,249
7900 – Andre kulturaktivitetar kontorbudsjett	3,102	3,102	3,102	3,102	3,102
Sum	84,595	68,295	68,295	68,295	68,295

PROGRAMOMRÅDE 480 - DIVERSE FELLESGIFTER (FOLKEHELSE)					
Tenesteområde	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2021
Folkehelse - drift av partnerskapen	0,100	0,100	0,100	0,100	0,100
Folkehelseprogrammet	1,460	1,460	1,460	1,460	1,460
Folkehelse - kontorbudsjett	0,895	0,895	0,895	0,895	0,895
Sum	2,455	2,455	2,455	2,455	2,455

Vi har inkludert kontorbudsjett i tabellane for å vise fordelinga av den totale ramma. Lønsauke for 2018 og justering for prisvekst vert lagt på etter tertial 2/18.

2. Etablering av Måløy Marine ressurscenter vil vere positiv for det marine næringslivet i fylket, men prosjektet må forankrast gjennom ei monaleg større finansiering frå næringslivet. Sektoren disponerer ikkje midlar i den storleiken det er søkt om, og søknaden må handsamast i det samla budsjettarbeidet til fylkeskommunen. Søknaden må også vurderast opp mot gjeldande regelverk.
3. Hovudutval for næring og kultur stiller seg positive til eit omdøme prosjekt for fylket, men saka må handsamast når vi får endeleg søknad. Eit tilskot som skissert vil vere utfordrande for sektoren å få til, og søknaden bør også sjåast i samheng med det totale budsjettarbeidet for fylkeskommunen.
4. Hovudutval for næring og kultur ser positivt på at det vert satsa på å utvikle gode idrettsanlegg i fylket. Fylkeskommunen har ikkje sett av egne midlar til denne typen tiltak. Våre verkemiddel er fagleg rettleiing og spelemidlar. Dette medfører at
 - a. Søknad frå Jølster kommune om fylkeskommunalt tilskot til fotballhall på Skei vert ikkje imøtekommen.
 - b. Søknad frå Jølster skisenter om fylkeskommunalt tilskot til alpinanlegg i Bjørkelia vert ikkje imøtekommen.
 - c. Søknad frå Skavøypoll idrettslag om fylkeskommunalt tilskot til turnhall i Vågsøy vert ikkje imøtekommen.
5. Hovudutval for næring og kultur har registrert søknad frå Måløyraid Senteret til bygging av «Lingehallen». Fylkeskommunen har ikkje sett av midlar i sitt budsjett til denne typen tiltak. Hovudutvalet disponerer ikkje midlar i den storleik det blir søkt om. Søknaden vert ikkje imøtekommen.
6. Innspel frå kulturinstitusjonane om utbyggingsprosjekt vert tekne til vitande.
7. Det vert ikkje gjort endringar i målekarta for 2019.

Vedlegg:Søknad angående Lingeallen

1. Notat frå fylkesdirektøren om søknad ang Lingeallen
- 1a. Søknad frå Måløyraidsenteret

Byggeplanar hos kulturinstitusjonar

2. Notat frå fylkesdirektøren om byggeplaner hos kulturinstitusjonar
- 2a. Innspel frå Musea i Sogn og Fjordane
- 2b. Innspel frå Sogn og Fjordane Teater
- 2c. Innspel frå Fylkesarkivet.

Fotballhall på Skei

3. Notat frå fylkesdirektøren om fotballhall på Skei
- 3a. Søknad frå Jølster kommune
- 3b. Tilleggsopplysningar til søknad frå Jølster kommune
- 3c. Storhall på Skei – uttale frå fotballkrinsen

Alpinsenter på Vassenden

4. Notat frå fylkesdirektøren Jølster Skisenter
- 4a. Søknad frå Jølster Skisenter
- 4b. Budsjett Jølster Skisenter

Turnhall i Vågsøy

5. Notat frå fylkesdirektøren om turnhall i Vågsøy
- 5a. Søknad frå Skavøypoll idrettslag
- 5b. Skavøypoll idrettslag - utdjuping

Søknad frå Stiftelsen Måløy Marine Ressurscenter

6. Notat med vurdering av søknad frå Stiftelsen Måløy Marine Ressurscenter
- 6a. Søknad om bidrag til Stiftelsen Måløy Marine Ressurscenter
- 6b. Prospekt Stiftelsen Måløy Marine Ressurscenter

Merkevara Framtidsfylket

7. Kreativt konsept – Merkevara Framtidsfylket

Målekart

8. Målekart næring
9. Målekart kultur

1. Samandrag

Hovudutvalet skal i denne saka handsame samla prioritering og tilpassing til rammene på eigen sektor. I dette ligg å gje signal om dei prioriteringar som er lagt fram i saksframstillinga, og vurdere framlegg til fordeling innanfor programområda. For 2019 legg vi fram ei skisse til detaljbudsjett.

Større søknader og innspel blir også omtala og vurdert i denne saka.

2. Bakgrunn for saka

2.1 Budsjettprosessen

Økonomiplanen 2019-2022 blei vedteken av fylkestinget i juni. Hovudmålet med økonomiplanarbeidet var å trekke dei meir langsiktige linene for den økonomiske utviklinga. Det er økonomiplanarbeidet som er viktig for eventuelle overordna grep på tvers av sektorane og eventuelle justeringar i rammene for sektorane.

Denne saka ser på budsjettet til sektoren næring og kultur for 2019. Frå HNK-sak 20/18 i april i år er det gitt nokre føringar for arbeidet med budsjett 2019, og denne saka:

- Greie ut trong for endra kapasitet og kompetanse i samband med overføring av oppgåver frå staten (gjeld særleg kultur).
- Hovudutvalet har bedt om ei enkel kartlegging av utbyggingsplanar som det vert arbeidd med ved Musea i Sogn og Fjordane, og andre regionale kulturinstitusjonar, og kva forventningar som eventuelt måtte ligge til fylkeskommunen dei næraste året.

Desse to punkta vert handsama i kapittel 6 og 7.

Neste gong hovudutvalet handsamar budsjettet er når utvalet skal ta stilling til finansutvalet sitt samla framlegg til budsjett i november. Fylkestinget slutthandsamar budsjettet i desember 2018.

2.2 Innhald i denne saka

Innhaldet i saka ser slik ut:

1. Samandrag
2. Bakgrunn og saka
3. Felles innleiing frå fylkesrådmannen
4. Finansiering av sektoren
5. Kontraktar og avtaler med eksterne partar
6. Søknader og innspel
7. Endring i kapasitet og kompetanse i samband med overføring frå staten
8. Prioriteringar innanfor sektoren/fordeling av budsjett 2018
9. Investeringsiltak
10. Målekart
11. Oppsummering/tilråding

3. Felles innleiing frå fylkesrådmannen til alle hovudutvalssakene

Fylkestinget handsama i juni sak om økonomiplan 2019 - 2022. Følgjande sektorrammer vart vedteke:

Det er desse rammene som vert lagt til grunn for det vidare budsjett - og økonomiplanarbeidet.

Økonomiplanrammene føreset at tapskompensasjonsordninga vert trappa opp. Viss det ved framlegg av statsbudsjettet viser seg at denne føresetnaden ikkje held, kan dette få konsekvensar

	2019	2020	2021	2022
Politisk styring, plan og forvaltning	184,612	174,743	175,398	174,743
Opplæring	857,479	853,896	853,896	853,896
Tannhelsetenesta	81,635	81,635	81,635	81,635
Næring og kultur	143,491	143,491	143,491	143,491
Samferdsle	1054,234	987,628	987,628	987,628
Sum sektorrammer	2321,451	2241,393	2242,048	2241,393

for sektorammene på eit seinare tidspunkt.

Hovudutvala skal no kome med ei tilråding til finansutvalet på sektoren sitt detaljbudsjett for 2019. Som sektorspesialistar har hovudutvala gode føresetnader for å nytte tildelt driftsramme på ein best mogleg måte.

Sektorammene er inndelt i ulike programområde og tenester. Fylkestinget har i juni vedteke ei fordeling for åra 2019-2022 basert på økonomiplan 2018-2021. Viss det i denne saka vert tilrådd omprioriteringar mellom ulike programområde og tenester må dette spesifiserast nærare.

4. Finansiering av sektoren næring og kultur

I 2019 utgjer samla budsjett for sektoren næring og kultur 145,946 mill. kr inklusiv administrasjon og folkehelse som ligg under forvaltning. Eksklusiv administrasjonsdelen utgjer samla budsjett 117,736 mill. kr, fordelt slik:

Programområde	Budsjett 2018 ekskl. adm.	Adm. Kostnadar 2018	Budsjett 2019 ekskl. adm.	Adm. Kostnadar 2019
Programområde 701 (næring)	69,071	10,622	62,811	10,366
Programområde 716 (friluftsliv - næring)	1,100	0,919	1,100	0,919
Programområde 740-790 (kultur)	67,130	17,465	52,265	16,030
Programområde 480 (folkehelse - kultur)	1,560	0,895	1,560	0,895
Sum	138,861	29,901	117,736	28,210

Tabellen syner næring og kultur sitt budsjett for 2018 og 2019. Tala er ikkje korrigert for lønsauke i 2018 og prisvekst, dette blir gjort etter tertial 2/18.

Det er i tertial 2/18 lagt opp til ein rammeauke til sektoren og programområde 701 i 2019 på 1,437 mill. kr. Dette er midlar frå overskot frå tapsfond knytt til risikolån gitt av Innovasjon Norge (IN), som vi fekk i 2018. Det er lagt opp til at rammeauken vert lagt på breibandsatsing og tenestekområde 7011. Tala er ikkje innarbeidde i dette budsjettframlegget.

Kulturbudsjettet vert dekt av eigne fylkeskommunale driftsmidlar. Ein stor del av løyvingane er bundne i avtalar om tilskot til kulturinstitusjonane, til å følgje opp forvaltning av statlege midlar og eigne satsingar. I 2018 fekk fylkeskommunen overført om lag 85 mill. kroner frå staten til tiltak i fylket (spelemidlar, midlar til freda bygg og tiltak i verdsarvområdet, den kulturelle skulesekken, m.m.). Forvaltninga av desse midlane krev kapasitet og kompetanse til rettleiing, nettverksarbeid, erfaringsutveksling, kompetansebygging og gjennomføring.

Statsbudsjettet gir føringar for løyvingane på kultur, slik som tilskot til teater, distriktsopera, festivalar og museum (der det er føresettt %-vis deling mellom stat, fylkeskommune og kommunar). Vidare vil overskotet frå Norsk Tipping verke inn på fylkeskommunen sin innsats når det gjeld spelemidlar til idrettsanlegg og kulturbygg og den kulturelle skulesekken. Dette er løyvingar som går utanom fylkeskommunen sitt budsjett, men som likevel verkar inn på den samla aktiviteten i fylkeskommunen. Det er forventa minst same nivå i 2019 på dei statlege midlane.

Næringsbudsjettet ekskl. administrasjon vert i 2018 finansiert ved hjelp av 53,910 i regionale utviklingsmidlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), medan resten, 16,261 mill. kr er egne fylkeskommunale driftsmidlar. I den fylkeskommunale delen ligg mellom anna ei einskildløyving gjennom tertial 1/18 på 5,000 mill. kr.

Retningslinene til KMD set grenser for korleis utviklingsmidlane kan nyttast. Generelt kan ein seie at midlane ikkje skal gå til ordinær driftsfinansiering, men meir vere retta inn mot prosjekt og tiltak av tidsavgrensa karakter. Det distriktpolitiske oppdraget frå KMD gjev også fylkeskommunen i oppgåve å finansiere tilskot, lån med vidare til næringslivet gjennom Innovasjon Norge. Løyvinga frå KMD er delt opp i ulike kapittel og postar med ulike føringar for bruken innan kvart kapittel og post. Det er også reglar som avgrensar høve til å omdisponere mellom kapittel. Retningslinene frå KMD er såleis i stor grad styrande for sektoren næring sitt arbeid.

For 2019 kjenner vi ikkje storleiken på dei regionale utviklingsmidlane før statsbudsjettet vert vedteke i desember. I økonomiplanen er samla næringsbudsjett, ekskl. administrasjon, førebels $62,811 + 1,100 = 63,911$ mill. kr (sjå tabell ovanfor). Dersom dei regionale utviklingsmidlane vert på same nivå som opphavleg løyving i 2018, vil vi utan andre endringar disponere $63,911 - 53,910 = 10,001$ mill. kr i driftsmidlar. Det kan bli endringar som følgje av rammeauke til breibandsatsing i tertial 2/18.

5. Kontrakter/avtalar med eksterne partar

Generell vurdering av bindingane

Det typiske for denne sektoren er at forpliktingane er i form av tilskot og ikkje tenestekjøp eller investeringar. Fylkestingsvedtak om fleirårige løyvingar er føljt opp av tilskotsbrev eller avtale.

Vi har fått ein generell uttale frå jurist om slike forpliktingar. Eit tilsegn er eit løfte om at tilskot vil bli utbetalt, og er såleis bindande. Bindinga kan verte avgrensa om det er tatt atterhald om årlege budsjettvedtak, dersom tilsegnsmottakar ikkje har føljt vilkåra, eller det er spesielle formuleringar i avtale/tilsegnsbrev som opnar for tolkingar. Tilsegn kan og vere ugyldig dersom hovudutvalet ikkje hadde mynde på området.

No ligg det føre følgjande bindingar på næringsbudsjettet, der det er tilskotsbrev og avtalar med ein annan part. Vi viser også bindingar i 2018 slik at endringane og nedgangen i forpliktingar kjem fram:

BINDINGAR TILTAK (Alle tal i 1000 kr)	2018	2019	2020	MERKNADER
Fjord Norge	3,080	3,240	3,320	HNK 70/16. Løpande oppseieleg avtale.
Avtale mellom Ungt Entreprenørskap og SFFK	0,900	0,900	-	Gjeldande avtale går ut 2018. Det vert lagt opp til å inngå ein ny avtale for 2019.
Avtalar med destinasjonsselskapa	2,200	2,200	-	HNK 5/18
Teknoløft Sogn og Fjordane	1,000	1,000	1,000	Konsortieavtale, intensjon om årlege bidrag Atterhald om vedtak i budsjett.

Utviklingsavtale med Forum for natur og friluftsliv	0,600	0,600		HNK 16/18. Gjeld 2018 og 2019. Atterhald om vedtak i budsjett for 2019.
Driftsstøtte og etablerertilskot friluftsråd	uavklart	uavklart	uavklart	HNK 32/17. Atterhald om vedtak i budsjett/økonomiplan.
Sum	7,780	7,940	4,320	

I avtalen med Fjord Norge står det at kostnadsramma for eit årleg partnerskapsbidrag er 3 mill. kr (2016) justert årleg med konsumprisindeksen pr. 15. november for etterfølgjande år. Vi budsjetterer med totalt 3,240 kr. i 2019 for å ta høgde for auken knytt til konsumprisindeksen.

Fylkeskommunen har avtale med Ungt Entreprenørskap for 2017-2018. Det vert lagt opp til å inngå ein ny avtale som gjeld for 2019. Det blir vurdert å legg inn mindre summar frå andre deler fylkeskommunen sitt budsjett i avtalen.

Fylkeskommunen har gjennom ein konsortieavtale intensjon om å ta del i samarbeidsprosjektet Teknoløft Sogn og Fjordane med 1 mill. kr. fram til 2023. Det er i avtalen tatt atterhald om vedtak i årleg budsjett/økonomiplan. Vi set av 1 mill. kr. i 2019 og har intensjon om det same i 2020. Støtte frå 2021 er avhengig av om forskingsrådet vidarefører prosjektet og vert tatt stilling til seinare.

Hovudutval for næring og kultur har vedtatt avtale med Forum for natur og friluftsliv for 2018 og 2019. Det er tatt atterhald om vedtak i budsjett for løyvinga for 2019. Avtalen omfattar også andre sektorar. Vi legg opp til å setje av 0,600 innan næring sitt budsjett i tråd med avtalen.

Hovudutval for næring og kultur har vedtatt at kvart friluftsråd oppretta i fylket skal få 0,100 mill. kr. i årleg driftsstøtte. Det er tatt atterhald om vedtak i budsjett/økonomiplan. Hovudutvalet har også vedteke at friluftsråda skal få ein eingongssum på 0,025 mill. kr. per. kommune som vert medlem.

Fylkeskommunen har sidan 2008 hatt ein avtale med NCE Tourism. NCE Tourism er inne i siste kontraktperiode i NCE-programmet. Kontraktperioden går vert avslutta i 2019. Sidan det er kort tid igjen til prosjektet skal avsluttast er det ikkje utarbeidd ny avtale. I staden har vi årleg tilskotsbrev ut kontraktperioden. Vi legg opp til å setje av same sum som i 2018, og set av 0,300 mill. kr.

Fylkeskommunen har støtta IT-forum med 0,500 mill. kr. Dette er ingen fast binding, men vi har intensjon om å vidareføre denne støtta.

For kulturbudsjettet gjeld følgjande bindingar gjennom avtaler og vedtak:

BINDINGAR				
TILTAK (Alle tal i 1000 kr)	2018	2019	2020	MERKNADER
Sogn og Fjordane teater, Opera Nordfjord, (tilskot til kunstproduksjon, programområde 771)	11,639	11,639	11,639	Finansieringsavtale med staten og Førde kommune gjeld for tilskot til Sogn og Fjordane teater. Finansieringsavtale med Eid kommune er bygd på ordning med 70% statleg tilskot og 30% regionalt/lokalt tilskot til Opera Nordfjord. Summane her inneheld også løyvingar til Førdefestivalen og Norsk Countrytreff.
Musea i Sogn og Fjordane	15,121	15,121	15,121	Kommunane og fylkeskommunen sitt samla tilskot til MiSF skal utgjere min 40 % av samla offentleg tilskot, medan staten kan bidra med inntil 60 %.
Tusenårsstaden Gulatinget	1,104	1,104	1,104	Avtale med Gulen kommune om 70% delfinansiering av forvaltning, drift og utvikling av tusenårsstaden.
Distriktsmusikarordninga	3,385	3,785	3,785	Avtale med kommunane Førde, Gloppen, Leikanger (Leikanger, Sogndal og Luster) og Lærdal om

				delfinansiering av 17 stillingar som distriktsmusikarar (25% av lønskostnadane). Summen inneheld også 0,5 stilling som fylkesmusikar.
Bergen Filharmoniske Orkester	0,220	0,220		Avtale med kommunane Førde, Florø, Sogndal og Gloppen om tilskot til konsertar i fylket.
Sum	31,469	31,869	31,649	

I tillegg ligg det føre utviklingsavtaler med Sogn og Fjordane Idrettskrins om utvikling innan barne- og ungdomssatsinga deira, med Sogn og Fjordane ungdomslag knytt til prosjektet «Huset i bygda» og Gloppen Musikkfest om utvikling av musikkfesten og deira satsing på unge klassiske talent. Dette er avtaler som vert inngått år for år innan rammene av vedteke budsjett.

6. Søknadar/innspele

6.1 Programområde 701 - Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet

Måløy Marine Ressurscenter – søknad om tilskot til investeringar

Fylkeskommune har fått ein søknad om økonomisk støtte på 70 mill. kr. frå Måløy Marine Ressurscenter (MMR).

MMR er eit samarbeid mellom marine verksemdar, Biovitenskaplig fakultet på Norges Miljø- og Biovitenskaplige Universitet og Måløy vidaregåande skule. Måløy Marine Ressurscenter skal bli eit forskingsinstitutt innan marin sektor, Ressurscenteret sin forretningside er at MMR skal styrke næringslivet i regionen gjennom å formidle, utvikle og gjennomføre FoU-prosjekt og å bygge næringsrelevant FoU-infrastruktur i industriell skala.

MMR jobbar med å hente inn meir kapital til stiftinga. Totalt vert det jobba med å hente inn 112 mill. kr. Dei vil be næringslivet om 3 mill. kr., av dette er 2,000 mill. kr. på plass. Resten er det lagt opp til at fylkeskommune, kommunar og bankar skal bidra med.

Etablering av MMR vil vere positivt for den marine næringa i fylket, vil styrkje den marine klynga i Nordfjord og vil samstundes kunne gje eit verdfullt bidrag innan FoU til det marine næringslivet i heile fylket. Totalbudsjettet og summen det er søkt om frå fylkeskommunen er svært høg. Vi ser ikkje at dette er spegla i næringslivet sin innsats i investeringar til MMR. Fylkeskommunen bør vurdere søknaden vidare, men prosjektet må forankrast gjennom ei monaleg større finansiering frå næringslivet. Søknaden må også vurderast opp mot statsstøttereguleringa.

Ei løyving på 70,000 mill. kr. overstig det vi har i årleg budsjett innan næringsutvikling. Søknaden må handsamast i samband med det samla budsjettarbeidet til fylkeskommunen.

Notat med nærare vurdering, søknad og prospekt i vedlegg.

Merkevara Framtidsfylket - omdøme-prosjekt

Eit forprosjekt i regi av Framtidsfylket, og støtta av fylkeskommunen kartla kva assosiasjonar Sogn og Fjordane vekkjer i dag, og kva assosiasjonar vi ynskjer å vekkje i 2020 og framover.

Undersøkinga viste at dei færraste kjenner det innovative og vekstkraftige næringslivet, og jobbmoglegheitene som finst i Sogn og Fjordane. Dette gapet mellom røynda og oppfatninga som folk har, ynskjer Framtidsfylket å gjere noko med i eit hovudprosjekt. Måla er mellom anna å gjere fylket meir kjend for karriere, teknologi og berekraft, og gravlegge gamle stereotypiar. Dette skal gjerast ved å produsere historier som blir distribuert gjennom film, tekst og trykk i ulike digitale flater, primært nasjonalt, men også internasjonalt.

Vi har ikkje motteke ein formell søknad, men det blir jobba med eit konsept for merkevara Framtidsfylket som vi får ein søknad om tilskot til i nær framtid. Vi har fått eit kreativt konsept og eitt budsjett. Totalbudsjettet er på 3,000 mill. kr., og det er lagt opp til å søkje fylkeskommunen om 1,500 mill. kr.

Hovudutvalet har tidlegare stilt seg positivt til arbeidet med eit omdømeprosjekt, og støtta ein forprosjekt/innsiktsfase. Saka kan først handsamast når vi får ein formell søknad. Eit tilskot på 1,5 mill. kr. vil vere utfordrande for sektoren å få til, og søknaden bør også sjåast i samanheng med det totale budsjettarbeidet for fylkeskommunen.

Kreativt konsept med budsjett i vedlegg.

Hotellplanar på Harastølen i Luster

Hovudutvalet har tidlegare vorte orienterte om planane på Harastølen i Luster. Det vert her arbeid med å få bygt om deler av bygningsmassen til ei hotellbedrift. Interessentane bak hotellplanane arbeider vidare med både hotellkonseptet og finansieringa av dette. Det er i dag Tinfos AS som eig Harastølen. Dei legg til rette for at bygningane kan overførast til ei reiselivsbedrift, og går i tillegg inn med midlar i dette prosjektet. Luster kommune tek på seg å ruste opp veggen til Harastølen, og prosjektet har fått midlar frå Kulturminnefondet.

Det vert arbeidd med å reise meir eigenkapital, og interessentane er i kontakt med både bankar og Innovasjon Norge om lånekapital. Fylkeskommunen nyttar Innovasjon Norge som operatør for den bedriftsretta satsinga, gjennom den årlege tildelinga og tilhøyrande oppdragsbrev. Det er følgjeleg lite aktuelt for fylkeskommunen å gå inn med midlar direkte, og regelverket for offentleg støtte/statsstøtteregelverket gjer det også utfordrande å gå inn med midlar direkte. Om Innovasjon Norge har ønske om å støtte hotellplanane på Harastølen utover det som dei i dag har rammer til får dei ta dette opp med fylkeskommunen.

Harastølen representerer store kulturhistoriske verdiar og er eit anlegg av høg regional verdi og av nasjonal interesse. Anlegget tente i si tid som tuberkulosesjukehus for heile Vestlandet. Sjølv med delvis ombygd bygningsmasse vil anlegget ha eit stort verdiskapingspotensiale i formidling av ein viktig del av Vestlandet si historie. Verdien i næringsssamanheng fordrar også at ein får til eit konsept som fremmar det unike og kan marknadsføre seg overfor betalingsvillige kundar som dels kan vere villege til å reise langt for å oppleve dette. Fylkeskommunen vil også i det vidare halde seg oppdaterte om dette prosjektet gjennom Innovasjon Norge og næringsssjefen i Luster.

6.2 Programområde 740-790 – Kultur

Fylkesdirektøren vil her kort omtale større prosjekt som ligg føre, dels søknader frå eksterne partar, dels innspel vi har bedt kulturinstitusjonane komme med.

6.2.1 Eksterne søknader (jf vedlegg)

Det ligg føre tre søknader innan kultur som er av typen «store søknader», og som vert lagt fram til handsaming i denne saka. Søknadane som kom inn i mai månad, ligg som vedlegg i saka, saman med eit kort notat frå fylkesdirektøren der søknadane m.a. vert vurdert opp mot spelemiddelordninga. Søknaden frå Skavøypoll idrettslag var også del av HNK-sak 33/18 som utvalet handsama i møte 30.mai Søknadane gjeld:

- Jølster kommune søker om 15 mill kr til fotballhall på Skei
- Jølster skisenter søker om 6 mill kr til å utvikle og utvide alpananlegget på Vassenden.
- Skavøypoll idrettslag søker om 1,5 mill i tilskot til turnhall i Vågsøy

Søknadane representerer positive tiltak for idretten lokalt og i fylket. Som omtalt i HNK-sak 33/18 er fylkeskommunen sine verkemiddel i desse sakene fagleg rettleiing og spelemidlar. Fylkeskommunen har ikkje sett av midlar til denne typen tiltak, og det er heller ikkje rom for å prioritere desse tiltaka innan ramma til hovudutvalet. Fylkesdirektøren rår difor til avslag på desse søknadane.

6.2.2 Innspel frå kulturinstitusjonane (jf vedlegg)

Gjennom ei enkel kartlegging vart kulturinstitusjonar i fylket invitert til å spele inn kva typar større investeringsprosjekt dei jobbar med, og der dei vil utfordre fylkeskommunen på finansiering. Musea i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Teater og Fylkesarkivet har meldt inn prosjekt/planer, jf vedlegg. Ingen av dei prosjekta som er spelt inn, vil utfordre fylkeskommunen økonomisk i 2019. Ev økonomisk medverknad i det enkelte prosjekt vert å komme tilbake til når/dersom prosjekta kjem til finansiering.

Orientering om prosessen der NRK Sogn og Fjordane, Firda og Sogn og Fjordane teater vurderer samlokalisering i eit «Nynorskhus» i Førde vart lagt fram til orientering i FU-sak 8/18 nr 17.

Det vert no arbeidd med å definere rombehov. Prosessen har ein milepåle rundt årsskiftet 2018/2019 med tanke på å avklare kven som vert med vidare. For teateret sin del gjeld at eigarane, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Førde kommune stiller seg positive til dette, og er med på å ta meirkostandane ved auka husleige. Eigarane er i drøftingar om dette, og må også saman med teateret ev løfte dette til drøftingar med kulturdepartementet som står for 70% av tilskotet til Sogn og Fjordane teater. For teateret sin del vil denne avklaringa også vere viktig som ledd i deira visjon om å bli turneteater i heile nye Vestland fylkeskommune. Avhengig av utfallet av samtalanane med Førde kommune, kan det bli aktuelt å komme tilbake med ei eiga sak i løpet av hausten 2018 der innspelet frå Sogn og Fjordane teater om framtidig leigetakar i eit «Nynorskhus» i Førde vert drøfta.

6.2.3 Søknad frå Måløyraid Senteret (jf vedlegg)

Det ligg også føre søknad frå Måløyraid Senteret om tilskot på 2 mill kroner til kino- og konferansesal i Måløy i tilknytning til senteret. Heller ikkje her har fylkeskommunen sett av midlar til denne typen tiltak, og fylkesdirektøren rår til avslag.

7. Endring i kapasitet og kompetanse i samband med overføring frå staten

7.1 Programområde 701 - Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet

Statlege fiskerihamner

Det er i dag Kystverket som har ansvar for statlege fiskerihamner. Frå 2020 går eigarskapen over til fylkeskommunane. Dette fordrar ein eigen kompetanse, og ikkje minst personalressursar til å arbeide med fiskerihamner.

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune har innleidd eit samarbeid der vi bur oss på overtaking av dei aktuelle fiskerihamnene. Det er avgjerande at vi får tilført ressursar som gjer det mogeleg å sikre seg den kompetansen og den arbeidskapasiteten som trengst. Og tilstanden til fiskerihamnene bør kartleggast i god tid før overtakinga, slik at ein kjenner behovet for oppgradering og vedlikehald.

7.2 Programområde 749-790 Kultur

Utvida ansvar og nye oppgåver på kulturminneforvaltninga frå 01.01.2020.

Fylkeskommunane får utvida og nye oppgåver frå staten på kulturminneområdet frå og med 01.01.2020. Skissert behov er 4 nye stillingar, jf FU-sak 74/18. Behovet et rekna ut på bakgrunn av dagens bemanning (7 faste stillingar) opp mot eksisterande kapasitet/kompetanse, og vi har også drøfta behov og arbeidsdeling med Hordaland fylkeskommune (fram mot Vestland fylkeskommune) som har eit behov på 2 nye stillingar (har i dag 28 faste stillingar). Departementet er komne langt i å fastsetje ny forskrift. Ein føresetnad frå staten er at fylkeskommunane har kapasitet og kompetanse til å ta oppgåvene frå dag 1. Nye stillingane bør såleis vere på plass i god tid før 1.1.2020. Det er førebels ikkje lagt inn fylkeskommunale midlar til dette.

Kommuneøkonomiproposisjonen for 2020 vil gi signal om kor mykje midlar staten vil kompensere med frå 2020. Manglande kapasitet og kompetanse i fylkeskommunen vil føre til at kommunar og private tiltakshavarar vert hindra/forseinka i å gjennomføre sine planer.

Andre nye oppgåver på kulturfeltet

Ekspertutvalet foreslår også at fleire kulturoppgåver som i dag ligg dels til kulturdepartementet og statsbudsjettet, dels til Norsk kulturråd, vert flytta over til dei nye fylkeskommunane. Av departementet si oppgåveportefølje kan dette vere tilskot til museum, teater, distriktsopera, m.m. Frå kulturrådet kan dette vere ei lang rekkje tilskotsordningar innan kunst og kultur. Regjeringa skal legge fram ei samla oppgåveoverføringssak til Stortinget 19.oktober. I tillegg kjem ei kulturmelding også i løpet av hausten. Før desse dokumenta er lagt fram og handsama i Stortinget er det vanskeleg å seie noko nærare om kva som kan komme av oppgåver, og kva dette kan bety i omfang og krav til kompetanse.

7.3 Programområde 716 – friluftsliv

Også på friluftslivsområdet er det signalisert nye oppgåver til fylkeskommunen. Heller ikkje her er type oppgåver, omfang og kapasitetsutfordring mogleg å seie noko meir konkret om før Stortinget har gjort sitt vedtak.

8. Prioriteringar innan sektoren næring og kultur for 2019 og økonomiplanperioden 2020-2022

Budsjett og økonomiplan for nærings- og kulturavdelinga vil ha som rettesnor at vi skal vere ein god arenabyggar og drivar i den offentlege partnerskapen for næringsutvikling og kulturell aktivitet i dei mindre folketunge områda. Kunnskap om, og erfaring frå, regional utvikling på bygde-Vestlandet skal vere ein styrke for oss når vi arbeider mot ein ny og større region.

Fylkeskommunen si næringsatsing betyr å legge til rette for at bedriftene våre utviklar seg, at ny næring og nye bedrifter oppstår, og slik skape grunnlag for arbeidsplassar og folkesetnad. Framover skal vi legge enno større vekt på bransjesamarbeid og grøn omstilling. Gjennom kulturpolitikken skal fylkeskommunen bidra til å ta vare på kulturminna, dei materielle så vel som dei immaterielle. Fylkeskommunen skal også legge til rette for ei kvalitativ utvikling av kunst og kultur, og arbeide for at alle får tilgang til dei gode opplevingane. Frivillig sektor er ein viktig del av kulturlivet i fylket, og fylkeskommunen ønskjer å stimulere deltaking og aktivitet i frivillig arbeid.

Kunst og kultur har ein eigenverdi som ligg i botnen. I tillegg har satsing på kunst og kultur effektar på andre område, alt frå lokalsamfunnsutvikling til ei styrking av det enkelte individ. Kulturminna gir kunnskap og oppleving, og kan spele ei viktige rolle i lokal næringsutvikling. Musea, festivalane og andre kultursatsingar gir også gode kulturelle opplevingar både til fastbuande og tilreisande. Dei har ringverknader for det lokale næringslivet, og dei er også viktige som del av eit samla opplevingstilbod i fylket. På den måten kan ei målretta kultursatsing vere med og styrke reiselivssatsinga.

Koplinga næring og kultur er også innlysande når vi skal hjelpe fram fleire som kan gjere levebrød av kunst og kultur. Innsatsen gjennom Den kulturelle skulesekken skapar oppdrag for næringsdrivande kulturutøvarar. Gjennom å ha eit aktivt forhold til spelemiddelordninga bidrar vi til å halde oppe aktiviteten for lokale entreprenørar.

Hovudutvalet for næring og kultur skal ivareta både næringsutvikling og kulturutvikling i fylket. Hovudutvalet har også gode føresetnader for å sjå dei områda som kan gje den ønska meirverdien i skjeringspunktet mellom næring og kultur.

Plandokumenta som hovudutvalet har som grunnlag for sin aktivitet, er rullert verdiskapingsplan, regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv og regional folkehelseplan. Regional plan for kultur vert vedteken denne hausten, og vil avløyse

kulturstrategien og regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Planen vil gi føringar for arbeidet og prioriteringane frå og med 2019. Eit eige handlingsprogram vert lagt fram og handsama av fylkestinget i desember 2018.

8.1 Programområde 400 – til disposisjon for hovudutval for næring og kultur

Midlane som er disponible for hovudutval for næring og kultur ligg teknisk på sektoren forvaltning og programområde 400, altså ikkje innanfor sektordelen til næring og kultur. Dei blir flytta til aktuelle programområde ved vedtak. Fylkesdirektøren rår til å la nivået på disponible midlar bli ståande, slik at det er noko handlingsrom for gode tiltak som kjem opp gjennom budsjettåret, og då med særleg blick på iverksetjing av regional plan for kultur. Til drift av hovudutvalet ligg det 0,944 mill. kr under forvaltning.

Programområde 400 – Politisk styring					
Tenesteområde	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
4005 – Hovudutvalet for næring og kultur – til disposisjon	1,850	1,850	1,850	1,850	1,850
Sum	1,850	1,850	1,850	1,850	1,850

8.2 Programområde 701 – tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet

8.2.1 Tilpassing til rammene – Programområde 701

Verdiskapingsplanen legg premissane for arbeidet innan næring - for dei økonomiske disponeringane og korleis vi innrettar dei administrative ressursane. Fylkestinget rullerte verdiskapingsplanen i juni 2018, og gjorde justeringar for perioden 2018-2021. Satsinga på kunnskap og nyskaping vert slått saman, og industristrategien vert integrert i desse satsingane. I budsjett/økonomiplan blir desse satsingsområda delvis delt også i 2019, men må sjåast i samanheng. Anna regional planlegging, særleg strategisk plan for kysten og regional plan for klimaomstilling, gir føringar for vidare arbeid. Satsinga på fornybar energi er det arbeidsfeltet som vert fornya i størst grad. Mellom anna vert arbeidet dreia meir i retning energibrukarane, og det vert inngått avtalar med fleire aktørar innan feltet.

Dei siste åra har sektoren spissa satsingsområda, gjort korrigeringar i budsjettet og lagt eit løp for langsiktige satsingar. Vi har gjort reduksjonar og omprioriteringar, og innsparingskrava i samband med SFj 2019 er tidlegare innarbeidd i budsjettet. Innsatsen har difor nådd eit «minimumsnivå» på nokre av områda som også er satsingsområde i verdiskapingsplanen.

PROGRAMOMRÅDE 701 – TILRETTELEGGING OG STØTTEFUNKSJONAR FOR NÆRINGSLIVET					
Tenesteområde	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
7010 – Bedriftsretta satsingar	27,600	27,600	27,600	27,600	27,600
7011 – Kommunikasjonsteknologi	3,000	1,740	1,740	1,740	1,740
7012 – Bransjeretta satsingar	8,410	8,490	8,570	8,570	8,570
7015 – Nyskaping	24,009	20,522	20,442	20,442	20,442
7018 – Kunnskap	3,393	1,800	1,800	1,800	1,800
7019 – Andre næringsområde	2,659	2,659	2,659	2,659	2,659
7019 – Kontorbudsjett	10,622	10,366	10,366	10,366	10,366
Sum	79,693	73,177	73,177	73,177	73,177

8.2.2 Tenesteområde 7010 – Bedriftsretta satsingar

Tenesteområde 7010 –BEDRIFSTRETTA SATSINGAR	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
Innovasjon Norge rammeløyving	27,600	27,600	27,600	27,600	27,600
Sum	27,600	27,600	27,600	27,600	27,600

Fylkeskommunen disponerer utviklingsmidlar frå Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD) og må finne ein god balanse mellom den tilretteleggande aktiviteten som fylkeskommunen sjølv tek seg av, og dei bedriftsretta tiltaka gjennom Innovasjon Norge. KMD har tidlegare gitt føringar for at vi skal prioritere bedriftsretta innsats, og vi meiner at den bedriftsretta delen bør ligge på om lag 40 %. Med dei tala som ligg inne i dette budsjettet ligg vi godt over det, i tillegg kjem bedriftsretta innsats gjennom kommunale næringsfond.

Det vert sett av 27,600 mill. kr til Innovasjon Norge i 2019. Midlane som blir avsette til Innovasjon Norge frå vårt budsjett gjer at vi kan følgje opp satsingane i verdiskapingsplanen med bedriftsretta tiltak.

8.2.3 Tenesteområde 7011 – Kommunikasjonsteknologi

Tenesteområde 7011 – KOMMUNIKASJONSTEKNOLOGI	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
Breiband og mobil	2,500	1,240	1,240	1,240	1,240
IT-forum	0,500	0,500	0,500	0,500	0,500
Sum	3,000	1,740	1,740	1,740	1,740

Fylkeskommunen har teke på seg ei sentral rolle i arbeidet med å skaffe innbyggjarar og verksemdar god infrastruktur for digital kommunikasjon. Fylkeskommunen har saman med IT-forum Breiband ei sentral og koordinerande rolle i fylket. Hovudinnsatsen i 2019 vert å arbeide fram nye og gode fylkessøknadar inn mot den nasjonale støtteordninga for breibandutbygging, arrangere kurs og rettleie kommunane gjennom anbudsprosessen, prosjektgjennomføring, skape møteplassar og kunnskapsdeling.

Fylkeskommunen har nytta deler av ei stilling til å arbeide med problemstillingar innan breiband, i nært samarbeid med kommunane og IT-forum breiband. Denne innsatsen held fram, og til delfinansiering av denne stillinga ligg no innarbeidd i kontorbudsjettet til næring.

Breiband er i dag å sjå på som basisinfrastruktur på line med straum, veg, vatn og avløp, samtidig er det også sentral infrastruktur for å nå målsetjinga om arbeidsplassvekst og meir kunnskapsretta arbeidsplassar.

Fylkestinget vedtok i april 2016 [ny strategi for breiband i Sogn og Fjordane 2016-2020](#).

Hovudmålet er at alle bedrifter og innbyggjarar i Sogn og Fjordane skal ha tilgang til eller prosjekt i gang for å etablere neste generasjon breiband innan 2020. Dette er eit ambisiøst mål som krev delfinansiering frå staten.

Fylkeskommunen har i budsjettet for 2019 sett av 1,740 mill. kr til kommunikasjonsteknologi.

- 1,240 mill. kr vert sett av til oppfølging av breibandstrategien og til å løyse ut nasjonale tilskot.
- 0,500 mill. kr vert sett av til IT-forum Sogn og Fjordane sitt arbeid.

Gjennom tertial 2/18 vert det lagt opp til ein rammeauke på 1,437 mill. kr. til sektoren som skal nyttast til breibandsatsing. Rammeauken vert først innarbeidd i sektoren sitt budsjett etter handsaming av tertial 2/18.

8.2.4 Tenesteområde 7012 – Bransjeretta satsingar

Tenesteområde 7012 – BRANSJERETTA SATSIINGAR	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
Reiseliv	6,560	6,640	6,720	6,720	6,720
Sjømatnæringar	0,950	0,950	0,950	0,950	0,950
Energi	0,400	0,400	0,400	0,400	0,400
Industri	0,300	0,300	0,300	0,300	0,300
Landbruk	0,200	0,200	0,200	0,200	0,200
Sum	8,410	8,490	8,570	8,570	8,570

Reiseliv

Reiseliv er eitt av satsingsområda i verdiskapingsplanen og er ein sektor med mykje potensial i Sogn og Fjordane. For reiselivsarbeidet har ein som mål å bli ein av dei fremste regionane i verda for berekraftige, naturbaserte opplevingar.

Fylkesmannen har fått i oppdrag å utvikle ei satsing på mat og reiseliv, og Innovasjon Norge følgjer opp den bedriftsretta satsinga gjennom føringar i oppdragsbrev.

Det har årleg blitt sett av midlar øymerka infrastruktur i reiselivet som det er eit aukande fokus på ettersom fleire besøkjer fylket, og presset på infrastrukturen aukar. Det vert sett av 0,900 mill. kr. for 2019.

Fylkeskommunen har sidan 2008 hatt ein avtale med NCE Tourism. Sidan det er kort tid igjen til prosjektet skal avsluttast er det ikkje utarbeida ny avtale. I staden har vi årlege vedtak i budsjettet. Vi legg til grunn ei løyving på 0,300 mill. kr. kr i 2019.

Fylkeskommunen har også hatt avtale med Fjord Norge i fleire år for internasjonal marknadsføring, ny løpande oppseieleg avtale vart inngått i 2016. Avtalen gjev Fjord Norge ei løyving på 3 mill. kr i 2016. For 2019 er løyvinga til Fjord Norge 3,240 mill. (inkl. prisjustering).

Fylkeskommunen har avtale med destinasjonsselskapa i fylket, og avtalen gjeld ut 2019.

Det vert sett av 6,560 mill. kr til reiseliv i 2019, der midlane vert fordelt slik:

Infrastrukturmidlar	0,900
Fjord Norge	3,240
Destinasjonsselskapa	2,200
NCE Tourism	0,300
Sum	6,560

Sjømatnæringane

Sjømatnæringane har eit stort vekstpotensial og er ei prioritert satsing i verdiskapingsplanen. Fylkeskommunen har både ei forvaltar- og ei utviklarrolle knytt opp mot sjømatnæringane. Hovudfokus for fylkeskommunen sitt arbeid innanfor sektoren er å oppfylle det verdiskapingspotensialet næringa har på ein berekraftig måte.

I gjennomføringa av verdiskapingsplanen er det sett i gang to program;

- Rekruttering og kompetanseheving
- Arealbruk i sjømatnæringane

Når det gjeld satsinga på innovasjon og nyskaping i sjømatnæringane (som er leia av IN), er dette ein del av det årlege oppdragsbrevet frå fylkeskommunen til IN

Fylkeskommunen vil vidare følgje opp «Vestlandssamarbeidet Marin satsing» (VestMarin), det marine samarbeidet som starta i 2007 mellom dei fire Vestlandsfylka. Det vert ikkje avsett egne midlar til dette arbeidet. Utanom dette budsjettet har vi også Marint Verdiskapingsfond og eit marint rekrutterings- og kompetansehevingfond, grunnlagt på midlar frå utleige av undervisningskonsesjonen som er knytt til akvakulturutdanninga ved Måløy vidaregåande skule.

Fylkeskommunen har ei rolle innan arenabygging og kompetanseheving i marin sektor, og det vert i 2019 mellom anna sett av midlar til marine messer og Miljøseminaret i Florø.

Marine messer, arenabygging, andre oppfølgingstiltak	0,300
Miljøseminar	0,020
Rekrutteringsleir	0,230
Program Arealbruk	0,200
Program Rekruttering og kompetanseheving i sjømatnæringa	0,200
Sum	0,950

Energi

Området utanfor kysten av Sogn Fjordane er framleis ein attraktiv olje- og gassprovins på norsk sokkel. Fylket har ein stor del av dei u-utbygde vasskraftressursane i landet. Innan vindkraft er fleire prosjekt under utvikling. Både fornybar energi og olje/gass er satsingar i verdiskapingsplanen. Mykje av satsinga er også bedriftsretta og vert dekkja gjennom Innovasjon Norge sine verkemiddel.

Fornyingsarbeid basert på «det grønne skiftet» skal prioriterast framover. Fylkeskommunen har vore med å danna «Forum for grøn energi», som skal vere ein aktør innan dette området. Det er ulike initiativ innan hydrogensatsing i fylket, og det vert søkt om Arenastatus til Hydrogenregion Sogn og Fjordane.

Vi vil arbeide med politiske problemstillingar innan fornybar energi, og samstundes ha midlar disponible til utviklingstiltak. Området må sjåast i tett samanheng med andre satsingar i verdiskapingsplanen.

Fylkeskommunane har saman med andre aktørar ein innsats innan olje og gass. Fylkeskommunen har hovudansvar for koordinering gjennom petroleumsrådet, og ansvar for politisk påverknadsarbeid. Aktiv oppfølging av feltoperatørar og lisenshavarar utanfor fylket vert viktig også i 2019.

Det vert sett av 0,400 mill. kr til energi i 2019.

Industri

Fylkeskommunen nyttar Innovasjon Norge (IN) som operatør for dei bedriftsretta verkemidlane, og ein stor del av denne innsatsen rettar seg mot oppfølging innan industri.

I 2015 vart det vedteke ein industristrategi. I rullert verdiskapingsplan er industristrategien enno tettare kopla til arbeidet innan nyskaping og kunnskap, og må sjåast i tett samanheng med desse områda.

Det vert sett av 0,300 mill. kr til industri i 2019. Dette skal gå til arenabygging, innovasjonsnettverk og anna oppfølging av industristrategien.

Landbruk

Fylkeskommunen sin innsats innan landbruk dreiar seg om å påverke den sentrale landbrukspolitikken for landbruket i fylket og arbeide med rekruttering og kompetanseheving innan landbruket. Arbeidet må vere godt koordinert med Fylkesmannen sin innsats på feltet.

Landbruks- og matdepartementet tildeler fylkeskommunane midlar til innsats innan rekruttering og kompetanseheving i etterkant av det årlege jordbruksoppgjeret. I 2018 fekk vi 1,120 mill. kr. Vi forventar same nivå i 2019. Tala er ikkje innarbeidde i dette budsjettet. Det vert i tillegg sett av 0,200 mill. kr til landbruket gjennom dette budsjettet.

8.2.5 Tenesteområde 7015 – Nyskaping

Tenesteområde 7015 - NYSKAPING	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
Tiltak nyskaping/kommuneretta næringsutvikling	10,799	8,599	8,599	8,599	8,599
Omstillingsarbeid i kommunane	2,800	-	-	-	-
Kommunale næringsfond	9,510	9,430	9,350	9,350	9,350
Ungt Entreprenørskap	0,900	0,900	0,900	0,900	0,900
Sum	24,009	18,929	18,849	18,849	18,849

Kommuneretta næringsutvikling og tiltak innan nyskaping

Verdiskapingsplanen sitt tema nyskaping femnar om ei rekkje område der fellesnemnaren er å styrkje det offentlege si evne som tilretteleggar, arenabyggjar og den gode hjelpar slik at gode tiltak får den hjelpa som dei treng.

Vi arbeider for at næringsapparatet er rusta til å hjelpe fram nye næringar. Koordinering av aktivitetar, satsing på kompetanseheving og å bygge treffpunkt/arenaer som fremmer denne innsatsen er sentralt for å få til dette. Vi arrangerer etablererkurs og forretningsspesifikke temakurs for gründerar og småbedrifter, og kurs og samlingar for tilsette i næringsapparatet i kommunane for å styrke arbeidet frå fleire frontar.

I tillegg må det jobbast målretta med å styrke tilgangen til risikovillig eigenkapital, der vi i større grad må kople kapitaleigarar med etablerarar/mindre bedrifter.

I rullert verdiskapingsplan står det at før regionreforma er formelt etablert, prioriterer vi støtte til å bygge opp gode lokale innovative miljø. I 2019 vert nytt klyngeprogram lansert og Interreg Europe prosjektet vi leiår (P-IRIS) skal gjennomføre ein aksjonsplan som vi må finansiere sjølve, for å ta ut gevinstar av arbeidet i prosjektet. Fylkeskommunen treng derfor midlar til fellestilltak for å utvikle innovasjonsnettverk og midlar til avtale for å utvikle lokale innovasjonsmiljø. Midlane skal også dekke ambisjonar formulert både i industristrategien om møteplassar, og ivareta koplinga til regional strategisk plan for kysten.

Det er sett av 10,192 mill. kr til kommuneretta næringsutvikling, tiltak innan nyskaping og innovasjonsnettverk, i dette ligg også tilskot til inkubatorstilbod. I dette ligg også 2,800 mill. kr. som er flytta frå omstillingsarbeid i kommunane frå 2018 til 2019. Det er også flytta 1,593 mill. kr. frå tenesteområde 7018-kunnskap.

Omstillingsarbeid i kommunane

Lærdal hadde som einaste kommune omstillingsstatus ut 2018. I 2019 er det ingen kommunar som har omstillingsstatus og det er ikkje trong for å setje av midlar innan området.

I 2018 stod det 2,800 mill. kr. innan området, dei vert flytta til kommuneretta næringsutvikling og nyskaping i 2019.

Det kan kome søknader om oppfølgingstiltak til omstillingsarbeidet, desse må vurderast ut frå konkret søknad og opp mot disponible midlar innan næring.

Kommunale næringsfond

Kommunale næringsfond skal bidra til å utvikle kommunane til å verte betre støttespelarar for entreprenørar og lokalt næringsliv. Fylkeskommunen har eit stort ansvar og ei viktig rolle i dette arbeidet.

Vi ønskjer ei tett oppfølging av kommunane. Dette går både på kontrollfunksjonen som er lagt til fylkeskommunen, men ikkje minst kurs og kompetanseheving. Fordeling til rammeløyvinga til kommunale næringsfond vert gjort i mars 2020 og på bakgrunn av retningslinjer og rapport frå kommunane.

Det er sett av 9,430 mill. kr til kommunale næringsfond i 2019. Mykje av arbeidet innan nyskaping går føre seg i nært samarbeid med kommunane.

Ungt Entreprenørskap (UE)

Fylkeskommunen inngår ein avtale med Ungt Entreprenørskap om støtte i 2019. Delen frå næring sitt budsjett er på 0,900 mill. kr

Det vert sett av 0,900 mill. kr til avtalen med UE i 2019.

8.2.6 Tenesteområde 7018 – Kunnskap

Tenesteområde 7018 - KUNNSKAP	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
Kunnskapssatsing og FoU	1,800	1,800	1,800	1,800	1,800
Sum	1,800	1,800	1,800	1,800	1,800

Kunnskap er ein viktig drivar for større verdiskaping, auka sysselsetting og styrka folketalsvekst i Sogn og Fjordane. Rulleringa av verdiskapingsplanen slår saman satsing på kunnskap og nyskaping og deler av innsatsen på tenesteområde 7018 er frå 2019 flytta til tenesteområde 7015.

FoU inngår i satsinga på kunnskap og nyskaping. FoU vil i tida framover vere avgjerande for å ta ut potensial for fornying av næringslivet, og for etablering av framtidens arbeidsplassar. Det vert sett av 0,800 mill. kr i grunnstønad til Vestlandsforskning.

Teknoløft Sogn og Fjordane er eit samarbeidsprosjekt mellom Høgskulen på Vestlandet/HVL og Vestlandsforskning, og fylkeskommunen er representert i styringsgruppa. Prosjektet skal sjå på mulighetene som utvikling innan digitalisering, automatisering og analyser av store datasett («Big Data») førar med seg for fylket. Fylkeskommunen vil gå inn med 1 mill. kr. i 2019 og har intensjon om same summen i 2020. Vidare støtte vert vurdert dersom forskingsrådet vidarefører prosjektet.

Utanom dette budsjettet bidreg også fylkeskommunen med å delfinansiere ei stilling som regionansvarleg i Norges Forskingsråd i Sogn og Fjordane.

8.2.7 Tenesteområde 7019 – Andre næringsområde

Tenesteområde 7019 – ANDRE NÆRINGSOMRÅDE	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
Verdiskapingsplanen	1,754	1,754	1,754	1,754	1,754
Oppfølging av satsingar	0,905	0,905	0,905	0,905	0,905
Sum	2,659	2,659	2,659	2,659	2,659

Verdiskapingsplanen vart vedteken i juni 2014 og iverksetjing av planen starta i 2015. I juni 2018 blei verdiskapingsplanen rullert, og arbeidet og disponering av midlar skal gjennomførast i tråd med dei endringane som er vedtekne. Midlane som er sett av til verdiskapingsplanen under tenesteområde 7019 vert å disponere når trong for midlar kjem tydelegare fram. Vi føreset at det er konkurranse mellom prosjekt og at midlane på den måten vert brukt mest mogleg effektivt. Det vert sett av 1,754 mill. kr. til oppfølging av verdiskapingsplanen.

I tillegg må vi ha noko midlar for å gjennomføre satsingane, bestille analysar, evaluere og liknande. Det ver sett av 0,905 til dette føremålet i 2019.

8.3 PROGRAMOMRÅDE 716 – FRILUFTSLIV, VASSREGIONSTYRESMAKT OG FORVALTNING AV VILT OG INNLANDSFISK

8.3.1 Tilpassing til rammene – programområde 716

Programområdet omfattar i hovudsak ressursar innanfor friluftsliv, vassregionstyresmakt og forvaltning av haustbare ikkje-truga artar av vilt og innlandsfisk. Her ligg og driftsstønad til friluftslivorganisasjonar og tilskot innan friluftsliv.

PROGRAMOMRÅDE 716 – FRILUFTSLIV, VASSREGIONSTYRESMAK OG FORVALTNING AV VILT OG INNLANDSFISK					
Tenesteområde	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
7164 – Friluftsliv, natur og vassforvaltning	1,100	1,100	1,100	1,100	1,100
7169 – Kontorbudsjett	0,919	0,919	0,919	0,919	0,919
Sum	2,019	2,019	2,019	2,019	2,019

8.3.2 Tenesteområde 7164 – Friluftsliv, natur og vassforvaltning

Kjerneoppgåvene under tenesteområde friluftsliv, natur og vassregionsstyresmakt og forvaltning av vilt og innlandsfisk handlar om å leggje til rette for berekraftig natur- og ressursforvaltning. På friluftsområdet skal fylkeskommunen bidra til å fremje ålmenta sine interesser og leggje til rette for friluftsliv. Under denne tenesta forvaltar fylkeskommunen også statlege tilskotsordningar til friluftslivføremål og vassforvaltning.

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019 med vedteke handlingsprogram styrer fylkeskommunen sin innsats på friluftsfeltet, og samarbeidet med andre offentlege aktørar og frivillig sektor. Det er etablert utvikingsavtale med Forum for natur og friluftsliv (FNF). Det er etablert eit friluftsråd i fylket, og fleire kan komme til.

Det vert sett av 1,100 mill. kr. til friluftsliv, natur og vassforvaltning i 2019, der midlane vert fordelt slik:

Vilt- og fiskeforvaltning	0,100 mill. kr
Vassforvaltning	0,300 mill. kr
Friluftsliv	0,700 mill. kr
Sum	1,100 mill. kr

Midlane innan friluftsliv skal gå til å dekke avtale med tre friluftslivorganisasjonar på 0,600 mill. kr. jamfør avtale, samt 0,100 mill. kr. til drift av friluftsråd. Dersom det vert oppretta fleire friluftsråd må driftstilskot og etablerertilskot som skissert i HNK-sak 32/17 dekkast av hovudutvalet til disposisjon eller andre disponible midlar. Det same gjeld eventuelt andre tilskot til friluftsliv.

Fylkeskommunen forvaltar i tillegg statlege tilskotsordningar innan friluftsliv- og viltføremål. Her er det egne retningslinjer som regulerer korleis midlane skal nyttast.

8.4 PROGRAMOMRÅDE 740-790 – KULTUR

8.4.1 Tilpassing til rammene – programområda 740-790

Regional plan for kultur 2019-2027, «Kultur for alle» vert handsama i fylkestinget i oktober 2019, og påfølgjande handlingsprogram i desember 2019. Planen vert styrande for fylkeskommunen sin innsats på kulturfeltet, og skal gi retning også for den nye fylkeskommunen frå 2020, for kommunane og kulturfeltet elles i fylket i åra framover.

Planstrukturen er lagt opp slik:

Overordna mål: Kultur for alle

Hovudmål 1: Kulturfeltet skal bidra til å skape gode lokalsamfunn.

Hovudmål 2: Fylket skal ha regionale, nasjonale og internasjonale kraftsenter/fyrtårn.

Hovudtema 1:
Kulturelle
ressursar og
verdiskaping

Innsatsområde 1: Kulturell infrastruktur
Innsatsområde 2: Kulturarven
Innsatsområde 3: Kunstproduksjon og formidling
Innsatsområde 4: Kulturelle kraftsenter/fyrtårn

Hovudtema 2:
Deltaking og
oppleving

Innsatsområde 1: Tidleg engasjement
Innsatsområde 2: Mangfald og fellesskap

Fylkesdirektøren legg vekt på å implementere planen i arbeidet for 2019 så godt som mogleg, men 2019 vil nok vere eit overgangsår der vi må arbeide meir målretta med å innrette kulturpolitikken i tråd med føringane i planen. Også 2020 vil kunne bli eit overgangsår som første år i ny fylkeskommune, men retninga er sett gjennom vedtak av planen.

For å realisere planen trengst det ulike verkemiddel, slik som politisk, administrativ og fagleg kompetanse, informasjon, lover, forskrifter, retningslinjer og økonomi. Fylkeskommunen sin evne og vilje til å satse på kultur er viktig i Sogn og Fjordane, med mange små kommunar. Dette gir ein ekstra dimensjon til prioriteringane våre.

8.4.2 Programområde 740 – Bibliotek

Budsjettet omfattar løns- og driftsutgifter for fylkesbiblioteket, inkludert kostnader med fellestenester og utviklingsarbeid. Fylkesbiblioteket sitt budsjett er redusert med 1,8 mill kr i perioden 2015-2018, ei nedskjering som verkar inn på kapasitet og handlingsrom.

Teneste	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
7400 Bibliotek	5,766	5,766	5,766	5,766	5,766
Sum	5,766	5,766	5,766	5,766	5,766

Fylkesbiblioteket

Fylkesbiblioteket sine oppgåver er rådgjeving, kompetansebygging, prosjektutvikling, formidling og fellestenester for biblioteka i fylket. Litteraturformidling og lesestimulering er kjerneoppgåver, med vekt på den nynorske litteraturen og formidling til barn og unge. Eit sentralt mål er å bidra til å utvikle folkebiblioteka som møteplassar og formidlings- og læringsarenaer. Fylkesbiblioteket syter for grunnleggjande infrastruktur som felles katalogsøk og transportordning mellom biblioteka, tilbyr klassesett til skulane og organiserer fylkesdekkande e-bokordning og digital tidsskrift- og avisteneste. Innsamling og kvalitetssikring av bibliotekstatistikk er ei fylkeskommunal oppgåve.

Fylkesbiblioteket arrangerer ei rekkje fagsamlingar, kurs og konferansar i løpet av året. I samarbeid med andre fagmiljø vert det utvikla og gjennomført prosjekt, mange av desse med ekstern finansiering. Leiaropplæring for biblioteksjefar blir ei prioritert oppgåve framover.

8.4.3 Programområde 750 – Kulturminnevern

Programområde 750 inneheld lønns- og driftskostnader knytt til fylkesarkivet og fylkeskommunen sitt forvaltnings-, drifts- og utviklingsarbeid innan kulturminnevern. Inntektene på oppdragsregistreringa er anslag og kan endre seg i løpet av året.

Teneste 7500 Kulturminnevern	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
Fylkesarkivet	7,459	7,459	7,459	7,459	7,459
Fartøyvern	0,300				
Oppdragsregistrering	-0,903	-0,903	-0,903	-0,903	-0,903
Kulturminneutvikling					
Kulturminnevern - kontorbudsjett	6,114	6,114	6,114	6,114	6,114
Sum	12,970	12,670	12,670	12,670	12,670

Fylkesarkivet

Fylkesarkivet arbeider for å etterkome dokumentasjonsbehovet, retten til innsyn i forvaltninga og for å sikre at nødvendig dokumentasjon av fortida er tilgjengeleg. Fylkesarkivet tek vare på ein samla samfunnsdokumentasjon frå Sogn og Fjordane og syter for at denne dokumentasjonen er tilgjengelege for alle til ein kvar tid.

Fylkesarkivet yter tenester til kommunane og fylkeskommunen slik at dei oppfyller lovkrava gjennom medlemskapen i kommunearkivordninga. Denne ordninga er sjølvfinansierande. Fylkesarkivet tek imot og handsamar foto- og privatarkiv i Sogn og Fjordane. Arkivering av stadnamn og musikktradisjonar er andre oppgåver. Webtenestene gir tilgang til fotodatabasar, digitale arkivdokument, stadnamn på kart, folkemusikk og kulturhistorisk leksikon. I samlingane ligg det enorme mengder informasjon. Fylkesarkivet sin utviklings- og prosjektretta måte å jobbe på, gir utslag på tildelingar av nasjonale prosjektmidlar.

Kulturminne – forvaltning og utvikling

Fylkeskommunen har ei sentral rolle som forvaltar av kulturminne. Fylkeskommunen har fått delegert statlege mynde for kulturminne som er automatisk freda og for freda bygg. Arbeidet er i stor grad knytt til rettleiing til kommunar og private, og uttale til kommunale arealplaner.

Fylkeskommunen sine prioriterte satsingar på kulturminnefeltet er forankra i det nasjonale kunnskapsløftet på kulturminneområdet, i den regionale satsinga på natur og kulturarven som grunnlag for lokal samfunnsutvikling og verdiskaping», jf. HPN-sak 71/13, og utkast til regional plan for kultur. Stor saksmengde og knappe ressursar medfører strengare prioriteringar der lovpålagte oppgåver vil måtte gå før drifts- og utviklingsoppgåver.

Som oppfølging av forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga, er det sett i gong eit arbeid med å få oversikt over regionalt viktige kulturminne i fylket.

Fylkeskommunen prioriterer også å delta i Riksantikvaren sitt landsomfattande arbeid med å definere kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA).

Arkeologiske registreringar (feltarkeologi)

Fylkeskommunen gjennomfører årleg arkeologiske registreringar av kulturminne knytt til kommunane sine arealplaner, vegplaner, private tiltak, m.m. der tiltakshavar skal dekke kostnadane. Omfanget av feltarbeid varierer frå år til år. Dermed også kostnader og inntekter.

Freda bygg og verdsarv

I 2018 har vi i alt fått 10,5 mill. kr til istandsetting av freda bygg i privat eige og det er allereie løyvd 3,0 mill. kr for 2018. I tillegg er vi fått 2 mill. kr til verdsarvområda og ei førehandsløyving på 0,5 mill. kr for 2019. Desse tildelingane er avhengige av at vi får fram gode prosjekt på desse fagområda. Deler av løyvinga frå Riksantikvaren vert nytta til fagleg oppfølging via eigen restaureringsleiar for å sikre kvalitet og framdrift i arbeidet.

Verdiskapingsprosjekt/opplevingsnæringar

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil i 2019 delta i verdiskapingsprosjekt «Kystpilegrimsleia-fase 2». Dette er samarbeidsprosjekt med fem fylkeskommunar, fire bispedøme og Nasjonalt pilegrimsenter. Det vert arbeidd med å identifisere og utvikle opplevingsnæringane i fylket gjennom ulike prosjekt.

Regionreform/overføring av statlege oppgåver

Klima- og miljødepartementet har sendt forskrift om mynde mv. etter kulturminnelova og overføring av nye oppgåver på høyring. Saka er handsama i fylkesutvalet (FU-sak 22/2018). Overføringa av oppgåvene er del av regionreforma. Det er forventa at fylkeskommunane er operative i høve dei nye oppgåvene frå 1.1.2020, jf elles pkt 7.2.

Fartøyvern

Fylkestinget har to år på rad lagt inn midlar til fartøyvern. Kopla med likelydande sum frå Riksantikvaren har dette vore med og gitt eit handslag til dei som gjer ein stor jobb med å ta vare på gamle båtar, og fremje interessa for denne delen av kulturarven. Det ligg ikkje eigne tilskotsmidlar til dette i fylkesdirektøren sitt budsjettframlegg.

8.4.4 Programområde 760 – Museum

Denne tenesta inneheld fylkeskommunen sine løyvingar til Musea i Sogn og Fjordane og til drifta av Gulatinget. Staten sitt tilskot til musea kan utgjere inntil 60% av det offentlege tilskotet. Resten, minimum 40% må finansierast lokalt/regionalt.

Teneste 7600 Muséer	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
Musea i Sogn og Fjordane	15,121	15,121	15,121	15,121	15,121
Gulatinget	1,104	1,104	1,104	1,104	1,104
Sum	16,225	16,225	16,225	16,225	16,225

Musea i Sogn og Fjordane

Musea i Sogn og Fjordane har ansvar for drifta av dei regionale kulturhistoriske musea med sine underavdelingar, kunstmuseet med sine underavdelingar og Norsk Kvernsteinsenter. Fylkeskommunen yter tilskot til drifta av Musea i Sogn og Fjordane. I 2018 vart det løyvd 15, 121 kr. Staten si løyving til Musea i Sogn og Fjordane er i 2018 36,290 mill. kr. Kommunane sitt samla tilskot til drifta av musea er om lag 4,5 mill. kr.

Fellesmagasin

Det er søkt statleg finansiering av prosjektet «Kløften». Når dette prosjekta vert realisert, må fylkeskommunen, saman med stat og kommunar, vere budd på å bidra til å finansiere dei auka driftskostnadane, jf. vedtak i HK-sak 18/15. Dette er det så langt ikkje teke høgde for dette i økonomiplanen, og vi må komme attende til nivå på denne auken når vi veit meir om tidspunkt for oppstart, ev i samband med økonomiplanarbeidet våren 2019.

Tusenårsstaden Gulatinget

Fylkeskommunen sitt tilskot til drift og utvikling av tusenårsstaden Gulatinget er basert på ein modell der fylkeskommunen svarar for inntil 70 % og Gulen kommune 30 % av tilskotet til drifta. Eigen strategi for vidare utvikling av tusenårsstaden vart vedteken i FT-sak 57/15.

Arbeidet med forprosjekt for bygg på Tusenårsstaden er igong med sikte på søknad til staten 1.mars 2019 om investeringstilskot.

8.4.5 Programområde 771 – Kunstformidling

Føremålet med dette programområdet er å stimulere til eit mangfald av kulturaktivitet, der innbyggjarane kan delta i kulturaktivitet og oppleve profesjonell kunst og kultur. Dei ulike tenestene skal bygge opp under målet om at kunst og kultur skal vere tilgjengeleg for alle.

Teneste 7710 Kunstformidling	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
Den kulturelle skulesekken	0,072	0,072	0,072	0,072	0,072
Digital kulturformidling	0,168	0,168	0,168	0,168	0,168
Kultur og helse	-0,055	0	0	0	0
Barnehagekonsertar	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
Distriktsmusikarane	3,385	3,801	3,801	3,801	3,801
Den kulturelle spaserstokken	0,904	0,904	0,904	0,904	0,904
Fylkesmusikarordninga	0,416	0	0	0	0
Kunstformidling - kontorbudsjett	5,620	5,565	5,565	565	5,655
Sum	10,510	10,510	10,510	10,510	10,510

Den kulturelle skulesekken

DKS er ei nasjonal satsing på kultur for barn og unge, og i Sogn og Fjordane når den alle born i grunnskulen og den vidaregåande skulen med fire profesjonelle kulturopplevingar kvart år innan dei ulike kulturuttrykka (musikk, scenekunst, visuell kunst, litteratur, film, kulturarv). Det vert drøfta om formidlinga også skal utvidast til å gjelde barn i barnehage. Det er eit mål å utvikle fleire tilbod frå institusjonane i fylket, bruke fleire kunstnarar frå eige fylke, og auke tilgangen på gode nynorskproduksjonar i heile DKS-systemet. Fylkeskommunen sitt tilbod kjem i tillegg til det kommunane/skulane sjølve planlegg og gjennomfører som del av dei lokale skulesekken. Gjennom observatørstatus i prosjektet SPHARSE er vi inne i eit internasjonalt nettverk av kulturformidlarar, noko som gjer at vi får lettare tilgang til gode utanlandske produksjonar, og at vi får ein kanal til å formidle våre produksjonar i utlandet.

KS har inngått rammeavtale med Musikernes Fellesorganisasjon om honorar, m.m. i samband med oppdrag i DKS. Avtalen vil bli lagt til grunn for avtaler også med andre kunstnarar. Slik avtale har vore etterspurt, men medfører også ein årleg meirkostnad for fylkeskommunen. Vi forventar at dette på sikt vert dekkja av spelemiddeltilskotet vi får årleg frå staten til DKS-arbeidet.

Digital kulturformidling

Målet er at digital formidling skal vere ein integrert og naturleg del av kunst- og kulturformidlinga i Sogn og Fjordane. Publikum ventar at formidling av kultur er tydeleg og lett tilgjengeleg gjennom digitale verktøy. Utvikling, nyskaping og kreativitet i kulturformidlinga er difor essensielt.

Kultur og helse

For å bidra til at alle skal kunne ta del i ulike kulturopplevingar jobbar fylkeskommunen utviklingsretta og heilskapleg. Dette inneber satsing på universell tilgang for alle, integrering og betre samhandling mellom kultur- og helsesektor. Det er tett samarbeid med forskingsmiljø, kommunar, institusjonar og frivillige i fylket. Kompetanseheving gjennom kurs og konferansar, samt nettverksarbeid og rettleiing er viktig arbeidsform. Undervisning og studentpraksis gjennom utdanningsinstitusjonar, årleg kulturfestival for utvikingshemma i fylket, tiltak for eldre og integreringsarbeid med flyktningar er tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd og tilgjenge for i alle. Det har vore eit innteningskrav knytt til denne tenesta. Dette har lagt føringar på korleis fylkeskommunen kan arbeide på dette feltet. Innteningskravet er foreslått avvika i kommande års budsjett.

Den kulturelle spaserstokken

Kommunane kan søkje om midlar som skal leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt, kan bli utvikla innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk.

Musikarordningar

Løyvinga til distriktsmusikarordninga er fylkeskommunen sin del av lønskostnadane (25%) knytt til 17 stillingar som distriktsmusikarar i Førde, Gloppen kommunar, Sogn (Leikanger, Luster og Sogndal kommunar) og Lærdal, og er regulert gjennom avtale med vertskommunane. Stillingane bidreg til at fylket har profesjonelle musikarar på høgt nivå, som også underviser i kulturskulane. Distriktsmusikarane turnerer med konsertar gjennom DKS, og deltek i ulike prosjektretta musikk-satsingar i heile fylket. Fylkesmusikarordninga (folkemusikk) er vedteke vidareført ved etablering av distriktsmusikarstillingar, og løyvingane til dette føremålet er lagt under distriktsmusikarordninga. To stillingar kom på plass i 2018 (Sogn og Lærdal).

8.4.6 Programområde 772 – Kunstproduksjon

Tenesta inneheld fylkeskommunen sine avtalebaserte løyvingar til kulturinstitusjonane. Føremålet er å bidra til profesjonell kunst- og kulturproduksjon i Sogn og Fjordane.

Teneste 7720 Kunstproduksjon	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
Førdefestivalen	3,470	3,250	3,250	3,250	3,250
Norsk Countrytreff	0,924	0,715	0,715	0,715	0,715
Opera Nordfjord	1,531	1,535	1,535	1,535	1,535
Sogn og Fjordane teater	6,237	6,239	6,239	6,239	6,239
Festivalstrategi - oppfølging		0,423	0,423	0,423	0,423
Sum	12,162	12,162	12,162	12,162	12,162

Institusjonane er viktige for regionen for å gi gode og mangfaldige kulturopplevingar. Dei er også viktige for å gi profesjonelle aktørarar som arrangørar og utøvande kunstnarar ein arbeidsplass. Dei bidreg også til å marknadsføre fylket vårt. Dei fylkeskommunale løyvingane genererer statlege og kommunale tilskot på om lag 35 mill. kr til dei fire institusjonane.

Staten har avvika knutepunktordninga og overført ansvaret for desse institusjonane til Norsk kulturråd som har utvikla ei ny festivalstøtteordning. Denne ordninga vart iverksett frå og med 2018 og inneber at festivalane kan søkje om femårige, treårige eller årlege tilskot frå kulturrådet. Gjennom vedteken festivalstrategi har hovudutvalet prioritert Førdefestivalen og Norsk Countrytreff for femårig avtale. Førdefestivalen oppnådde treårig tilskot, medan Norsk Countrytreff fekk årleg tilskot.

For 2019 må vi særleg vere merksam på festivalstrategien og følgje opp med tilskot til dei festivalane hovudutvalet har valt ut som særleg viktige for fylket (Førdefestivalen, Norsk Countrytreff, Nynorske Litteraturdagar, Teaterfestivalen i Fjaler, Gloppen Musikkfest, Malakof). Løyvingar til festivalar må også sjåast i samanheng med programområde 790.

Fylkesdirektøren rår til at løyvingane til kunstproduksjonsinstitusjonane vert fordelt som vist i tabellen over, og at løyvingane vert justert/tilpassa statleg tilskot når dette er kjent, t.d. ved at det vert vurdert ei ev justering mellom programområde 772 og 790 når vi kjenner staten sine løyvingar for 2019, og korleis dette slår ut for «våre» festivalar.

8.4.7 Programområde 775 – Fysisk aktivitet og idrett

Føremålet med tenesta er å gi alle høve til å vere tilstrekkeleg fysisk aktive og spreie kunnskap om fysisk aktivitet. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019 er det førande plandokumentet for arbeidet på dette programområdet.

Teneste 7750 Idrett	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
Idrett, tilskot	17,565	1,565	1,565	1,565	1,565
Idrett - kontorbudsjett	1,249	1,249	1,249	1,249	1,249
Sum	18,814	2,814	2,814	2,814	2,814

Løyvinga på 17,565 mill kr i 2018 inneheld også FT sine løyvingar på 16 mill kr til idrettsanlegg i fylket, jf FT-sak 30/18. Desse midlane vert foreslått sett av på fond i T2/18.

Midlane som er sett av til tilskot, vert elles fordelt slik:

- Sogn og Fjordane idrettskrins med 1,25 mill. kr.
- Driftstilskot til fire skianlegg 0,200 mill. kr.
- Utviklingsarbeid 0,115 mill. kr.

Spelemidler

Fylkeskommunen har forvaltningsansvar for dei statlege spelemidlane til idrett-, nærmiljø- og friluftslivanlegg. «Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv» legg føringar som vrir større del av løyvingane inn mot nærmiljøanlegg, friluftslivsanlegg og turvegar/løyper i nærmiljøet. Spelemidlane til anlegg for idrett, friluftsliv og kulturbygg utgjorde i 2018 om lag 60 mill. kr.

Antidoping

Initiativ frå Antidoping Norge og Hordaland fylkeskommune om ev deltaking i eit tidsavgrensa prosjekt retta inn mot ungdom i vidaregåande opplæring vert vurdert vidare innan hovudutvalet si ramme.

8.4.8 Programråde 790 – Andre kulturaktivitetar

Føremålet med tenesta er delt i to:

- Barne og ungdomssatsingar, der ein legg vekt på kreativ eigenaktivitet og demokratibyging og kunnskapsheving i det å delta i demokratiet og politiske prosessar
- Frivillig sektor, etablering partnerskap gjennom utviklingsavtalar, økonomisk støtte til drift og utvikling gjennom tilskot til organisasjonar, aktivitetar, utviklingstiltak, festivalar, stipend og fylkeskulturpris.

Teneste 7900 Andre kulturaktivitetar	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
Ungdomspolitisk utval	0,177	0,177	0,177	0,177	0,177
Fylkesting for ungdom	0,037	0,037	0,037	0,037	0,037
Ungdommens kulturmonstring	0,808	0,858	0,858	0,858	0,858
Kulturmidlar festivalar og arrangement	4,024	3,974	3,974	3,974	3,974
Utviklingsmidlar Kultur	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
Andre kulturaktivitetar - kontorbudsjett	3,102	3,102	3,102	3,102	3,102
Sum	8,148	8,148	8,148	8,148	8,148

Ungdomspolitisk utval og Fylkesting for ungdom

Tenesta inneheld driftskostnader til drift av ungdomspolitisk utval og gjennomføring av nettverkssamlingar for ungdomsråd i fylket samt det årlege Fylkesting for ungdom. Dette er viktige demokratiske organisasjonar for både deltaking i, og læring av, demokratiske prosessar.

Ung kultur møtest

UKM er fylkeskommunen si prioriterte satsing på ungdom og kultur. Samstundes som vi legg til rette for fylkesfestival, legg vi også vekt på å stimulere kommunane til å utvikle sine lokale arrangement. Tiltaket er styrka med 0,050 kr for å stimulere utviklingsarbeid.

Frivillig sektor - kulturmidlar til organisasjonar, festivalar og tiltak

Det er gjort eit arbeid for å samordne, forenkle og spisse tilskotsordningane til frivillig sektor. Midlane vert fordelt etter søknad til samla søkjarmasse til frivillige organisasjonar med kulturelle føremål, festivalar og andre større tiltak av regional karakter. Stipend til kunstnarar og fylkeskulturprisen ligg også i denne løyvinga.

Løyvingar til festivalar vil måtte sjåast i samanheng med programråde 772.

Avtalen mellom fylkeskommunen, kommunane Førde, Sogndal, Gloppen og Florø og Bergen Filharmoniske Orkester (BFO) om speling i Sogn og Fjordane gjeld også for 2019, og vil måtte prioriterast innan ramma.

Det nynorske språket

Språket vårt handlar om identitet vår, som menneske og fylke. Nynorsk skal vera eit eige satsingsområde i den regionale politikken og kultursatsinga. Det er ikkje sett av eigne midlar til ei slik satsing, forutan dei midlane som vert gitt som tilskot. Nynorsksatsinga inngår elles som ein integrert del i alt arbeid vi gjer innan kultur.

8.5 Programområde 480 - folkehelse

Føremålet med tenesta er å fremje gode levekår og livskvalitet for innbyggjarane i fylket. Tenesta omfattar lovpålagde oppgåver i folkehelse- og fylkeskommunale satsingar.

8.5.1 Tilpassing til rammene – programområde 480

Tenestområdet omfattar administrativ ressurs, drift av partnerskapen, satsingsområde i høve vedteken folkehelseplan og helseovervaking. Regional plan for folkehelse 2015 – 2018 styrer arbeidet.

PROGRAMOMRÅDE 480 - DIVERSE FELLESUTGIFTER (FOLKEHELSE)					
Tenesteområde	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2021
Folkehelse - drift av partnerskapen	0,100	0,100	0,100	0,100	0,100
Folkehelseprogrammet	1,460	1,460	1,460	1,460	1,460
Folkehelse - kontorbudsjett	0,895	0,895	0,895	0,895	0,895
Sum	2,455	2,455	2,455	2,455	2,455

8.5.2 Folkehelsearbeidet

Iverksetting av tiltak og gjennomføring av handlingsprogram i regional plan for folkehelse er prioritert. Hovudområda for arbeidet er knytt til partnerskapsarbeid og helseovervaking.

Satsingsområda på området er:

- Lærande organisasjonar i plan og lokalsamfunnsutvikling
- Gode bu- og nærmiljø
- Helsefremjande oppvekstmiljø i heim, barnehage og skule
- Trivselsfremjande fritid
- Helsefremjande arbeidsliv

Gjennom drøftingar med Helse Førde, Høgskulen på Vestlandet og Fylkesmannen er det drøfta å etablere ei felles analyseining skal levere folkehelsedata til kommunane og fylkeskommunen som tek i vare det ansvaret den enkelte organisasjon har for å levere slike data. Det blir lagt opp til eit toårig prosjekt som skal greie ut grunnlaget for ei felles eining og ulike aspekt ved danning av ei slik. Det er no naturleg at Hordaland fylkeskommune vert invitert inn som part i dette arbeidet. Det må påreknast å nytte noko av folkehelsemidlane inn mot dette prosjektet.

I 2019 vil det bli søkt Helsedirektoratet om prosjektmidlar til Folkehelseprogram. Midlane skal nyttast til tiltak i kommunane som er med på å støtte opp om barn og unge si psykiske helse. Søknaden er ei konkretisering av satsingsområde i folkehelseplanen.

9. Investerings tiltak

For sektoren sin del ligg det inne to investeringstiltak i økonomiplanen. Det er museums- og magasinbygget «Kløften» og formidlingsbygg på Tusenårsstaden Gulatinget. For «Kløften» sin del er det for andre gong søkt statlege investeringsmidlar, og svar på denne søknaden vil vi ha når Stortinget har handsama budsjettet for 2019. For formidlingsbygget på Tusenårsstaden Gulatinget vert det no utarbeidd eit forprosjekt som grunnlag for søknad til staten innan 1.mars 2019.

Fylkesdirektøren viser elles til omtale under pkt 6.2, og til vedlagte notat som viser innspel frå kulturinstitusjonar i høve prosjekt dei jobbar med, og der fylkeskommunen kan bli utfordra til å bidra på eit seinare tidspunkt.

10. Målekart

Vi har gått gjennom målekarta og det vert ikkje lagt opp til endringar for 2019. Vi vurderer at målekarta er greie slik dei er i dag, og det må uansett gjerast ei nytt arbeid i samband med etableringa av Vestland fylkeskommune.

11. Oppsummering

1. Hovudutval for næring og kultur gjer slike førebelse prioriteringar

Programområde 400 – Politisk styring					
Tenesteområde	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
4005 – Hovudutvalet for næring og kultur – til disposisjon	1,850	1,850	1,850	1,850	1,850
Sum	1,850	1,850	1,850	1,850	1,850

PROGRAMOMRÅDE 701 – TILRETTELEGGING OG STØTTEFUNKSJONAR FOR NÆRINGSLEVET					
Tenesteområde	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
7010 – Bedriftsretta satsingar	27,600	27,600	27,600	27,600	27,600
7011 – Kommunikasjonsteknologi	3,000	1,740	1,740	1,740	1,740
7012 – Bransjeretta satsingar	8,410	8,490	8,570	8,570	8,570
7015 – Nyskaping	24,009	20,522	20,442	20,442	20,442
7018 – Kunnskap	3,393	1,800	1,800	1,800	1,800
7019 – Andre næringsområde	2,659	2,659	2,659	2,659	2,659
7019 – Kontorbudsjett	10,622	10,366	10,366	10,366	10,366
Sum	79,693	73,177	73,177	73,177	73,177

PROGRAMOMRÅDE 716 – FRILUFTSLIV, VASSREGIONSTYRESMAK OG FORVALTNING AV VILT OG INNLANDSFISK					
Tenesteområde	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
7164 – Friluftsliv, natur og vassforvaltning	1,100	1,100	1,100	1,100	1,100
7169 – Kontorbudsjett	0,919	0,919	0,919	0,919	0,919
Sum	2,019	2,019	2,019	2,019	2,019

PROGRAMOMRÅDE 740 – 790 - Kultur					
Tenesteområde	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
7400 – Bibliotek	5,766	5,766	5,766	5,766	5,766
7500 – Kulturminnevern	6,856	6,556	6,556	6,556	6,556
7600 – Museum	16,225	16,225	16,225	16,225	16,225
7710 – Kunstformidling	4,890	4,945	4,945	4,945	4,945
7720 – Kunstproduksjon	12,162	12,162	12,162	12,162	12,162
7750 – Fysisk aktivitet og idrett	17,565	1,565	1,565	1,565	1,565
7900 – Andre kulturaktivitetar	5,046	5,046	5,046	5,046	5,046

7500 – Kulturminnevern kontorbudsjett	6,114	6,114	6,114	6,114	6,114
7710 – Kunstformidling kontorbudsjett	5,620	5,565	5,565	5,565	5,565
7750 – Fysisk aktivitet og idrett kontorbudsjett	1,249	1,249	1,249	1,249	1,249
7900 – Andre kulturaktivitetar kontorbudsjett	3,102	3,102	3,102	3,102	3,102
Sum	84,595	68,295	68,295	68,295	68,295

PROGRAMOMRÅDE 480 - DIVERSE FELLESUTGIFTER (FOLKEHELSE)					
Tenesteområde	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2021
Folkehelse - drift av partnerskapen	0,100	0,100	0,100	0,100	0,100
Folkehelseprogrammet	1,460	1,460	1,460	1,460	1,460
Folkehelse - kontorbudsjett	0,895	0,895	0,895	0,895	0,895
Sum	2,455	2,455	2,455	2,455	2,455

Vi har inkludert kontorbudsjett i tabellane for å vise fordelinga av den totale ramma. Lønsauke og for 2018 og justering for prisvekst vert lagt på etter tertial 2/18.

- Etablering av Måløy Marine ressurscenter vil vere positiv for det marine næringslivet i fylket, men prosjektet må forankrast gjennom ei monaleg større finansiering frå næringslivet. Sektoren disponerer ikkje midlar i den storleiken det er søkt om, og søknaden må handsamast i det samla budsjettarbeidet til fylkeskommunen. Søknaden må også vurderast opp mot gjeldande regelverk.
- Hovudutval for næring og kultur stiller seg positive til eit omdøme prosjekt for fylket, men saka må handsamast når vi får endeleg søknad. Eit tilskot som skissert vil vere utfordrande for sektoren å få til, og søknaden bør også sjåast i samanheng med det totale budsjettarbeidet for fylkeskommunen.
- Hovudutval for næring og kultur ser positivt på at det vert satsa på å utvikle gode idrettsanlegg i fylket. Fylkeskommunen har ikkje sett av eigne midlar til denne typen tiltak. Våre verkemiddel er fagleg rettleiing og spelemidlar. Dette medfører at
 - Søknad frå Jølster kommune om fylkeskommunalt tilskot til fotballhall på Skei vert ikkje imøtekommen.
 - Søknad frå Jølster skisenter om fylkeskommunalt tilskot til alpinanlegg i Bjørkelia vert ikkje imøtekommen.
 - Søknad frå Skavøypoll idrettslag om fylkeskommunalt tilskot til turnhall i Vågsøy vert ikkje imøtekommen.
- Hovudutval for næring og kultur har registrert søknad frå Måløyraid Senteret til bygging av «Lingehallen». Fylkeskommunen har ikkje sett av midlar i sitt budsjett til denne typen tiltak. Hovudutvalet disponerer ikkje midlar i den storleik det blir søkt om. Søknaden vert ikkje imøtekommen.
- Innspel frå kulturinstitusjonane om utbyggingsprosjekt vert tekne til vitande.
- Det vert ikkje gjort endringar i målekarta for 2019.